



Valaker skog og anlegg  
v/Svein Valaker  
Mykingvegen 253  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6243 - 16/29417

Saksbehandlar:

Ketil Mikkelsen

ketil.mikkelsen@lindas.kommune.no

Dato:

21.10.2016

## Svar på søknad om løyve til å nytta vogntog 19,5m på del av Hodnelandvegen

Viser til Dykkar søknad om oppskrivning av veg til 19.5 meter, e-post av 4. Oktober 2016.

Vedtak:

Søknaden vert innvilga på fylgjande vilkår:

- Transport av tømmer skal skje mest mogeleg konsentrert i tid.
- Arbeida skiltas i kvar ende av Hodnelandvegen – KV1124.
- Grunna svak bereevne på delar av vegen (går over myr), skal transport unngåast i periodar med mykje nedbør. Vegavdelinga, ved underteikna eller Kjetil Eikefet (mobilnr. 476 35 709), vert varsla når arbeida skal starte.
- Grunna utforming av kryss mot FV 397, må all køyring skje i retning (Hodnekvam-Myking).
- Vegen leverast tilbake i tilsvarande stand som før arbeida starta, rydda og reingjort om nødvendig.
- Vegmynde kan stoppe transporten straks, dersom det oppdagast kritiske skadar på vegen som fylgje av arbeidet.
- Vi oppmodar til å unngå bruk av vegen sin skulder til lasting og å setje køyretøy på , då dette er svakaste og mest kritiske del av vegkroppen.
- Oppskrivninga skjer kun for vogntoglengd frå 15 til 19,5 meter. Hodnelandvegen vil fortsatt ha BkT8 på aktuell vegstrekning.
- Transporten kan setjast i gang med ein gong.

### Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Ketil Mikkelsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Valaker skog og anlegg

Mykingvegen 253 5913

EIKANGERVÅG